

RETNINGSLINJER - KOMMUNALT TILSKOT TIL NYDYR KING

Hjelmeland kommune gir tilskot til nydyrking. Dyrkinga må vere godkjent i tråd med forskrift om nydyrking, og arbeidet må ikkje vere påbegynt når det vert søkt dyrkingstilskot. Det vert gitt tilskot til inntil 20 da pr. år pr. søkjar, og inntil kr 2000,- pr. da. Budsjettrama er kr 200 000,- pr. år.

Hjelmeland kommune har følgjande retningslinjer/vilkår for tilskotet:

- * Søkjar må ha fått godkjent plan for nydyrking før ein kan søkje om kommunalt tilskot til dyrking, eller ein kan søkje om begge delar samtidig.
- * Ein må søkje tilskot før nydyrkinga tek til.
- * Arbeidsfristen er 3 år frå vedtak, eller tilsvarande fristen for gjennomføringa av dyrkinga. Fristen for tilskotet kan ikkje forlengast. Er ikkje dyrkinga utført, fell tilskotet attende til kommunen.
- * Produksjonen til søkjar må vere så stor at søkjar står i MVA-registeret.
- * Ingen søknadsfrist, søknadane vert behandla fortløpande når dei kjem inn. Søkjar får tilsendt melding om vedtak. Når tilskotspotten er tom, vert her ikkje gjort fleire vedtak. Dersom her er fleire søknadar om tilskot enn her er pengar, må søkjar få velje om søknaden skal ligge over til neste år eller om han vil utføre dyrkinga fortløpande. Og så må ein sjå om her er tilskot i neste års pott. Dei som ikkje har fått vedtak om tilskot pga at her ikkje er pengar att, kan ikkje starte dyrkingsarbeidet før endeleg vedtak dersom dei ønskjer tilskot til prosjektet.
- * Ein kan ikkje søkje tilskot til meir enn 20 da pr. år.
- * Søkjarar som har dyrkingsprosjekt som er større enn 20 da, kan bare søkje tilskot til 20 da pr. år. Dersom ein vil søkje tilskot til resten av feltet, må her sendast inn ny søknad året etter, og arbeidet med feltet utover 20 da må ikkje vere påbegynt før ein søker tilskot att.
- * Tilskotet utgjer inntil kr 2 000,- pr. da ferdig dyrka areal, inntil 20 da pr. år.
- * Det vert gitt tilskot til dyrking av areal til jordbruksproduksjon.
(Det vert ikkje gitt tilskot til skogbruksproduksjon for eksempel juletre.)
- * Det vert gitt tilskot til fulldyrking og overflatedyrking slik at arealet kan haustast maskinelt/rasjonelt, ikkje til areal som kunn kan nyttast som beite.
- * Kommunen treng opplysningar om organisasjonsnummer, kontonummer og kart over aktuelt dyrkingsareal med søknaden.
- * Det vert gitt løyve om pengar fortløpande, etter kvart som ein fyller vilkåra for tilskot og her er pengar att i budsjettet.
- * Utbetaling av tilskotet kan gjerast når kommunen har godkjent ved synfaring at arealet er ferdig dyrka, og arealet er sett i produksjon; dvs. i desse tilfella at arealet er isådd eller planta.

Hjelmeland kommune har følgjande retningslinjer for oppstart av tilskotet:

Overgangsordning - ordninga trer i kraft i 2019. Dei som kan søkje er:

- Nye dyrkings saker som har fått godkjent nydyrking i 2019 - kan deretter søkje kommunalt tilskot.

- Dyrkingsløyve gitt tidlegare år, som har dyrkingsløyve gjeldande ut 2019. Dyrkingsarbeidet på desse felt må ikkje vere påbegynt når det blir søkt om dyrkingstilskot. Ein må søkje om tilskot før nydyrkinga tek til. Dersom feltet er drenert ut tidlegare, men sjølve gravinga i feltet elles ikkje er påbegynt, reknar ein nydyrkingsarbeidet som starta. I desse sakene gjeld tilsagnet om dyrkingstilskot like lenge som dyrkingsløyve gjeld. (For eksempel - gitt dyrkingsløyve i 2017 med arbeidsfrist i 2020, så gjeld eventuelt vedtak om tilskot og til denne dato i 2020.)
- Allereie innkomne søknadar om dyrkingstilskot, etter budsjettvedtak i desember 2018, skal behandlast utifrå søknadstidspunktet, og krav om at dyrkinga ikkje er påbegynt, gjeld på søknadstidspunktet for tilskotet.

Vedtatt i formannskapet sak 010/19 20.02.2019 og Kommunestyret sak 006/19 20.02.19